



Aslaug Hellesøy spør utan å få svar: Kven skal vi godblunke tel?

**Kvinnherad KrF er relativt tilfreds med den innsats partiet har gjort lokalt, men kva for ein strategi dei bør velgja på riksplanet er er også dei meir uvisse på. Eller for å stille det spørsmål som fylkestingsmedlem Aslaug Hellesøy stilte på skjæråsensk vis i foredraget som innleia årsmøtet på KV i Uskedalen ikveld: Kven skal vi godblunke tel? Partiet har no 75 medlemmer etter sanering av dei som ikkje har betalt.**

I årsmeldinga vart Marit Elisebet Totland berømma for å ha kjempa ein god og ryddig kamp om ordførarstolen i forhandlingane med fleire parti og konstellasjonar. Det var god tilslutning til at partiet står godt og best i opposisjon, skreiv leiar Arne Gjellan i meldinga.

I sin rapport som gruppeleiar i kommunestyret gav Totland uttrykk for at fleirtalet har vist vilje etter valet til endring slik at prosessane no er opnare og at alle gruppene blir høyrde før vedtak blir gjort. I budsjettet kom det tydelege spor av KrF mellom anna med Rosendalstunet, brannstasjonen, brannsikring av kyrkjene og Enøk-tiltak og difor valde partiet å stå saman med fleirtalet.

Totland minte også om at partiet var det einaste som gjekk fram sjølv om det hadde tilbakegang på riksplanet. Dei andre med framgang hadde dette til felles med moderpartia sine.

Otto Benjaminson som har vore gruppeleiar i 3 periodar hadde tent partiet og gruppa med stor iver og uthaldande engasjement og lojalitet, understreka Totland.

3 medlemmer i styret vart attvalde - det var nestleiar Leif Kolbjørn Kongestøl, skrivar Marit Lindekleiv og kasserar Frøydis Sjø. Den siste kunne presentera ein rekneskap som viste eit underskot på 34 000 etter valåret.

Hellesøy stilte mange spørsmål om strategien vidare i innleiinga si men fekk ingen klare svar. og nestleiar Kongestøl meinte det burde haldast eit medlemsmøte om saka. Han konstaterte at det er ein pris både for å sitte både i posisjon og opposisjon, men var oppteke av at partiet set omsynet til familien først og framst.

Einskilde var også oppteke av at det blir ført ein ny og meir menneskeleg asylpolitikk og leiaren slo til lyd for ein meir offensiv klimapolitikk, der Noreg bør vera ein føregongsnasjon og også satsa lokalt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Marit Elisebet Totland (til høyre) var tilfreds med lokalpolitikken